



# TILDELINGSBREV TIL FORBRUKARRÅDET

2025

Erik Saglie (e.f.)

ekspedisjonssjef

Helge Agneberg

seniorrådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikke handskrivne signaturar*



Barne- og  
familiedepartementet

## INNHOLD

<b>1.</b>	<b>INNLEIING .....</b>	<b>3</b>
<b>2.</b>	<b>FORVENTNINGAR TIL VERKSEMDA I 2025.....</b>	<b>3</b>
2.1.	ROLLA SOM INTERESSEORGAN .....	3
2.2.	FORBRUKARRÅDETS INFORMASJONSVERKSEMD, MEDREKNA MARKNADSPORTALAR .....	4
2.3.	FORBRUKARREPRESENTASJON I KLAGENEMNDENE .....	5
2.4.	OPPSUMMERING AV TILSTANDEN PÅ DET FORBRUKARPOLITISKE OMRÅDET .....	6
<b>3.</b>	<b>BUDSJETTILDELING OG FULLMAKTER .....</b>	<b>6</b>
3.1.	TILDELINGAR 2025 .....	6
3.2.	FULLMAKTER 2025.....	6
<b>4.</b>	<b>FORVALTNING, STYRING OG UTVIKLING.....</b>	<b>7</b>
4.1.	REGJERINGAS FELLESFØRINGAR .....	7
4.2.	REGJERINGAS TILLITSREFORM .....	8
4.3.	DIGITALISERING .....	8
4.4.	DIGITAL TRYGGLEIK, SAMFUNNSTRYGGLEIK OG BEREDSKAP .....	8
4.5.	OPPFØLGING AV SPRÅKLOVA § 13 OG § 14 .....	9
4.6.	OPPFØLGING AV SAKER FRÅ RIKSREVISJONEN.....	9
<b>5.</b>	<b>RAPPORTERING OG RESULTATOPPFØLGING .....</b>	<b>10</b>
5.1.	VERKSEMDS- OG REKNESKAPSRAPPORTERING .....	10
5.2.	RAPPORTERINGSFRISTAR .....	11
5.3.	RAPPORTERING PÅ SÆRSKILTE TEMA .....	11
5.4.	STYRINGSKALENDER .....	11

## 1. Innleiing

Barne- og familidepartementet (BFD) gjer i dette brevet greie for løyvingane som Forbrukarrådet disponerer i 2025. Tildelingsbrevet er basert på Prop. 1 S (2024-2025) for BFD og Stortingets handsaming.

Nedanfor utdjupar og konkretiserer departementet forventningane til Forbrukarrådet for 2025. Der ikkje anna er sagt, blir det lagt til grunn at den løpende verksemda blir vidareført. Dersom Forbrukarrådet i løpet av året vesentleg endrar eigne planar og prioriteringar omtalt i tildelingsbrevet, eller ser behov for endringar i spesifikke oppdrag som rådet har teke på seg, skal departementet konsulterast.

Eventuelle nye oppdrag, bestillingar og budsjettildelingar i løpet av 2025 vil bli gitt i supplerande tildelingsbrev.

## 2. Forventningar til verksemda i 2025

For 2025 gjeld følgjande mål for forbrukarpolitikken, jf. Prop. 1 S (2024-2025):

- Ei sterkare stilling for forbrukarane i møte med digitaliseringa
- Eit godt system for klagehandsaming som er kjent for forbrukarane
- Eit effektivt tilsyn på prioriterte område
- Betre føresetnader for eit berekraftig forbruk

Som interesseorganisasjon for forbrukarane skal Forbrukarrådet særleg medverke til at dei to første og det siste av disse fire måla blir realiserte, jf. omtale nedanfor.

Forbrukarrådets hovudoppgåver er, jf. vedtekten § 2, å:

- drive interessepolitisk arbeid overfor styresmakter, organisasjonar og næringsdrivande, og setje forbrukarspørsmål på dagsordenen i samfunnsdebatten.
  - Som ein del av dette skal Forbrukarrådet prøve prinsipielle saker for retten og delta i og bidra til å vidareutvikle systemet for forbrukarklagenemnder.
- bistå og dyktiggjere forbrukarar gjennom å gi informasjon, råd og rettleiing om rettar, plikter og andre relevante forbrukarspørsmål.
  - Som del av dette skal Forbrukarrådet drifta, vedlikehalde og vidareutvikle informasjonsportalar retta mot forbrukarane, inkludert Forbrukarrådets miljørettleiar (tidlegare Kontaktpunkt for forbrukarmakt i det grøne skiftet).

På bakgrunn av rolla Forbrukarrådet har som interesseorganisasjon, er måla og prioriteringane som blir omtalte i tildelingsbrevet ikkje dekkjande for alle rådets aktivitetar i 2025.

### 2.1. Rolla som interesseorgan

Ei viktig oppgåve for Forbrukarrådet er å vidareføre og løpende utvikle verksemda som ein synleg, uavhengig, relevant og slagkraftig interesseorganisasjon for forbrukarane.

Forbrukarrådet har etter § 3 i vedtekten ei fri og uavhengig stilling i arbeidet med å definere og fremje interessepolitiske saker. Departementet definerer derfor ikkje styringsparametrar og resultatkrav for denne delen av Forbrukarrådets arbeid.

### Rapporteringskrav:

RK1. Forbrukarrådet oppsummerer sine viktigaste aktivitetar og gir ei kort vurdering av resultata knytt til rolla som interesseorgan i årsrapporten.

## 2.1.1. Forbrukarinteresser i standardisering

Departementet legg til grunn at Forbrukarrådet vidarefører arbeidet med å sikre forbrukarinteresser i standardiseringsarbeid nasjonalt og internasjonalt. BFD vil gjennom 2025 ha dialog med Forbrukarrådet om utviklinga av det nye fagrådet for brukarinteresser i standardisering.

## 2.2. Forbrukarrådets informasjonsverksemd, medrekna marknadsportalar

Ei sentral oppgåve for Forbrukarrådet som interesseorganisasjon er å informere om forbrukarane sine rettar og plikter. Oppgåva inneber mellom anna å rettleie forbrukarane om kva rettar og plikter dei har, og om korleis dei skal gå fram for å ta saker vidare i forbrukarklagesystemet dersom dei ikkje sjølvे når fram med krava sine overfor seljarar. Forbrukarrådet skal leggje vekt på å leggje informasjonen til rette slik at det òg når ut til forbrukarar med særlege behov, inkludert personar med dårlege norskunnskapar. For å hjelpe flest mogleg, skal Forbrukarrådet i informasjonsarbeidet leggje vekt på å gi hjelp til sjølvhjelp, fortrinnsvis via nettsida Forbrukarrådet.no og digitale verktøy.

Marknadsportalane Forbrukarrådet har ansvar for (Finansportalen og Straumprisportalen) skal setje forbrukarane betre i stand til å ta informerte val og utøve forbrukarmakt. Portalane kan i tillegg bidra til auka konkurranse, lågare priser, betre kvalitet og effektivitet i økonomien. Det er eit overordna mål at marknadsportalane skal vere godt kjende i befolkninga.

Som interesseorganisasjon kan Forbrukarrådet òg spele ei viktig rolle i arbeidet med å formidle informasjon og kunnskap som gjer det enklare å ta val som bidreg til eit meir berekraftig forbruk, jf. avsnittet nedanfor om Forbrukarrådets miljørettleiar.

Forbrukarrådets tenesteutvikling skal følgje pålegg og tilrådingar i Kommunal- og distriktsdepartementets årlege digitaliseringsrundskriv, som skal sikre at tenestene er trygge, heilskaplege, brukarvennlege og universelt utforma. Forbrukarrådet har gjennom 2024 gjennomført teknisk utvikling av dei digitale tenestene, inkludert marknadsportalane Finansportalen og Straumprisportalen. I tillegg har det gjennom året kome til nye oppgåver om å oppdatere Finansportalen med ny informasjon. Delar av dette arbeidet må òg prioriterast i 2025.

### 2.2.1. Finansportalen

Finansportalen har ein særleg viktig funksjon med å samle inn og gi god og enkelt tilgjengeleg informasjon om bank, forsikring, fonds- og pensjonstenester til forbrukarar og styresmakter. Forbrukarrådet skal arbeide for at Finansportalen leverer korrekte og

dekkjande opplysningar til både forbrukarar og andre interessentar på områda som portalen dekkjer.

Første halvår 2025 skal Forbrukarrådet ferdigstille og lansere ei oppdatert forsikringsteneste på Finansportalen og ein ny versjon av Finansportalen Bank med informasjon om bankane sine marknadsområde for bustadlån.

### **2.2.2. Straumprisportalen**

Den auka merksemda dei siste åra om straumprisar aktualiserer behovet for god informasjon når forbrukarane skal velje mellom forskjellige avtalar. Straumprisportalen skal vidareformidle lett tilgjengeleg og oppdatert informasjon om avtalar som straumleverandørane er pliktige til å rapportere inn. Forbrukarrådet skal, basert på fastsette rutinar, bearbeide og formidle informasjonen om avtalane i marknaden. I 2025 skal Forbrukarrådet arbeide vidare med å sikre at tenesta bidreg til at forbrukarane kan ta informerte val, og utøve forbrukarmakt.

### **2.2.3. Forbrukarrådets miljørettleiar**

Forbrukarrådets miljørettleiar (nettstad) gir forbrukarane ein enkel veg til truverdig miljøinformasjon og tips om berekraftige forbruksval. Målet er at forbrukarane skal kunne utøve marknadsmakt ved å gjere val som belastar miljøet mindre. I 2025 blir det viktig å gjere miljørettleiaren godt kjent og brukt blant forbrukarane. Vidare utvikling og vedlikehald av nettstaden vil òg vere viktig.

#### **Rapporteringskrav:**

RK2. Talet på førespurnader frå forbrukarar via telefon, e-post, brev og andre kanalar.	Årsrapport
RK3. Delen av dei spurde som oppgir at dei har kjennskap til Forbrukarrådets informasjonsløysingar (rapportering kvart anna år).	Årsrapport
RK4. Månadlege unike sidevisingar på Forbrukarrådets digitale tenester.	Årsrapport
RK5. Forbrukarrådet gir ei kort oversikt over kva som er gjort for å vidareutvikle og sikre høg kvalitet på dei ulike portalløysingane.	Årsrapport
RK6. Forbrukarrådet rapporterer kort om utviklinga og bruken av miljørettleiaren (tidlegare Kontaktpunkt for forbrukarmakt i det grøne skiftet).	Årsrapport

### **2.3. Forbrukarrepresentasjon i klagenemndene**

Forbrukarrådet skal representere forbrukarane i ei rekke privatfinansierte klagenemnder som skal sikre forbrukarane tilgang til god og effektiv løysing av tvistar utanfor domstolane.

#### **Rapporteringskrav:**

RK7. Forbrukarrådet rapporterer kort om arbeidet med og ressursbruken knytt til forbrukarrepresentasjon i klagenemndene.

Årsrapport

## 2.4. Oppsummering av tilstanden på det forbrukapolitiske området

BFD ber om at Forbrukarrådet, saman med vurderinga av framtidsutsiktene i årsrapportens del V, kort oppsummerer tilstanden innanfor det forbrukapolitiske området i Noreg. I oppsummeringa skal det leggjast vekt på hovudutfordringar og gjerne peikast på mogelege tiltak for å møte dei. Oppsummeringa, som skal vere basert på Forbrukarrådets erfaringar, bør ikkje overstige tre sider.

## 3. Budsjettildeling og fullmakter

### 3.1. Tildelingar 2025

Med utgangspunkt i Prop. 1 S (2024-2025), Innst. 14 S (2024-2025) og Stortingets budsjettvedtak av 16. desember 2025 blir Forbrukarrådet tildelt følgjande midlar for 2025:

#### Kapittel 860 Forbrukerrådet

( i 1 000 kroner)

Post	Nemning	Tildeling 2025
Post 50	Basisløyving	95 553
Post 51	Marknadsportalar	33 423
<b>Sum kap. 860</b>		<b>128 976</b>

BFD stiller med dette løyvingane som er omtalte over til disposisjon for Forbrukarrådet, jf. § 7 i Reglement for økonomistyring i staten.

Midla vil bli overførte til Forbrukarrådets bankkonto med like beløp kvart tertial. Medan utbetalingane for første tertial skjer i januar 2025, vil utbetalingane for andre og tredje tertial skje i mai og september 2025.

Forbrukarrådet må ta høgde for at løyvingane skal dekkje utgifter som følgjer av sentrale og lokale lønsforhandlingar. Forbrukarrådet må difor setje av midlar til lokale forhandlingar.

### 3.2. Fullmakter 2025

I samsvar Stortingsvedtak av 26. juni 2002, jf. Innst. S. nr. 255 (2001-2002), er Forbrukarrådet gitt følgjande fullmakter:

- Unntak frå bruttoprinsippet i statleg verksemد (unntak frå § 3 fjerde ledd i Bevilningsreglementet), det vil seie at Forbrukarrådet sjølv disponerer sine inntekter.

- Høve til å overføre resultatet av årets drift til påfølgjande budsjettermin.  
Forbrukarrådet disponerer eit eventuelt positivt årsresultat og har sjølv ansvaret for å dekkje eit eventuelt negativt årsresultat.
- Høve til sjølv å opprette og inndra dei stillingane som Forbrukarrådet finn naudsynte for å løyse oppgåvane sine, og under omsyn til talet tilsette og organisering, tilpasser dette til dei rammevilkåra departementet fastset.

Budsjettfullmakter som må delegerast kvart år, og som med dette blir delegert:

- Fullmakt til å inngå leigeavtalar og avtalar om kjøp av tenester utover budsjettåret på dei vilkåra som går fram av Rundskriv R-110, punkt 2.3. Departementet viser øg til [Instruks om handtering av bygge- og leigesaker i statlig sivil sektor](#), og at det er obligatorisk å nytte Statsbygg som rådgjevar i leigesaker der summen av framtidige forpliktingar overstig 30 mill. kroner.

## 4. Forvaltning, styring og utvikling

### 4.1. Regjeringas fellesføringar

Regjeringa har gitt si tilslutning til at departementa skal ta inn følgjande fellesføringar i tildelingsbreva for 2025:

**a) Systematisk og heilskapleg arbeid for å redusere klimagassutslepp, naturfotavtrykk og energibruk**

Det er eit mål med systematisk og heilskapleg arbeid for å redusere klimagassutslepp, naturfotavtrykk og energibruk. Forbrukarrådet skal følgje opp dette målet. I dette arbeidet skal det takast omsyn til ivaretaking av verksemda sine kjerneoppgåver og kostnadseffektivitet. Forbrukarrådet skal også vurdere korleis klimaendringane vil påverke verksemda. Forbrukarrådet skal gjere systematiske vurderingar av eigen energibruk og ta i bruk lønsame energieffektive løysingar, samt auke energifleksibiliteten der dette er relevant.

**b) Positiv utvikling i talet på tilsetjingar av personar med funksjonsnedsetjing og/eller fråvær frå arbeid, utdanning eller opplæring**

Regjeringa har høge ambisjonar når det gjeld inkludering og mangfold. Statlege verksemder skal ha positiv utvikling i talet på tilsetjingar av personar med funksjonsnedsetjing og/eller fråvær frå arbeid, utdanning eller opplæring. Arbeidsgivarane skal, i samarbeid med dei tillitsvalde, sjølve definere eit føremålstenleg ambisjonsnivå ut frå verksemda sin eigenart og storleik. Forbrukarrådet skal i årsrapporten informere om talet på tilsetjingar av personar med funksjonsnedsetjing og/eller fråvær frå arbeid, utdanning eller opplæring i 2025 og det totale talet på tilsetjingar i verksemda i 2025. Forbrukarrådet skal også omtale utviklinga i 2025 sett opp mot det verksemda har rapportert for 2024.

**c) Redusere konsulentbruken**

Det er eit mål at staten samla sett skal redusere konsulentbruken ved å utvikle eigen kompetanse. Forbrukarrådet skal arbeide for å redusere konsulentbruken på område der det ligg til rette for å nytte interne ressursar og kompetanse. Utover informasjons- og haldningskampanjar skal tenester frå kommunikasjonsbransjen som hovudregel

ikkje nyttast. Forbrukarrådet skal i årsrapporten for 2025 rapportere om konsulentbruken og oppfølginga av fellesføringa, medrekna om totalbeløp for kjøp av konsulenttenester, kva tiltak som er iverksett og konkrete resultat. Dersom det er fagområde og/eller kompetanseområde i verksemda der konsulentar blir nytta i særleg grad, skal bakgrunnen for dette omtalast nærmere.

Forbrukarrådet skal som ein del av rapporteringa også gi ei overordna omtale av eventuelle kjøp av konsulenttenester frå kommunikasjonsbransjen (alle typar kommunikasjonstenester) i 2025 og opplyse om totalbeløp for kjøp av slike tenester. Dersom utgifter til kjøp av konsulenttenester er vesentlege, bør verksemda i note til årsrekneskapen spesifisere dette nærmere. Dersom verksemda har større kjøp av konsulenttenester frå andre statlege leverandørar, bør dette gå fram særskilt.

## 4.2. Regjerings tillitsreform

BFD viser til at regjerings tillitsreform er eit viktig og pågående prosjekt. Forbrukarrådet blir òg i 2025 beden om å vurdere relevante tiltak innanfor sitt eige ansvarsområde som kan inngå som del av tillitsreforma. Forbrukarrådet blir òg beden om i årsrapporten for 2025 å rapportere om status for dette arbeidet og kva prosessar som er vurderte og gjennomførte.

## 4.3. Digitalisering

Ny nasjonal digitaliseringsstrategi blei lagt fram 26. september 2024. Vi viser til mål og føringar i denne, og særskilt til mål og føringar om KI, og deling og gjenbruk av data. Vi viser til Digitaliseringsrundskrivet og tidlegare års tildelingsbrev der arbeidet med deling og gjenbruk av data i Forbrukarrådet er vektlagt.

Oppdrag (O) i 2025	Rapportering
Forbrukarrådet blir bedt om å informere om korleis verksemda arbeider med tilgang til data, inkludert korleis det blir tilrettelagt for deling og gjenbruk av data for eigen tenesteutvikling og med andre. Forbrukarrådet blir òg bedt om å gjere greie for eventuelle utfordringar for deling og gjenbruk av data, i tillegg til pågående arbeid og planar på dataområdet.	Første tertialrapport og årsrapport 2025
Forbrukarrådet blir bedt om å oversende informasjon om bruk av KI i eigen verksemeld og tenesteutvikling, eller planar for bruk av KI. Forbrukarrådet blir òg bedne om å gjere greie for eventuelle utfordringar for bruk av KI.	Årsrapport

## 4.4. Digital tryggleik, samfunnstryggleik og beredskap

I dei ugraderte trusselvurderingane frå etterretnings-, overvakings- og tryggings-tenestene (EOS-tenestene), går det fram at etterretningstrusselen frå framand statleg etterretning er skjerpa. Cyberoperasjonar og rekruttering av innsidalar vil vere blant dei mest sentrale metodane som trusselaktørane nyttar. Departementet legg til grunn at Forbrukarrådet utviklar og opprettheld sin tryggingsfaglege kompetanse basert på trussel- og risikobildet, og har evne til å gjere vurderingar av eigen tryggleik og aktuelle tiltak.

BFD legg til grunn at Forbrukarrådet etterlever [Nasjonalt tryggingsorgans \(NSMs\) grunnprinsipp for IKT-tryggleik](#) og at verksemda følger [NSMs råd for betre tryggleik på mobile einingar](#).

Oppdrag (O) i 2025	Rapportering
Forbrukarrådet skal i 2025 <ul style="list-style-type: none"> <li>• oppdatere sine risiko- og sårbarheitsanalysar, og krise- og beredskapsplanverk</li> <li>• oppdatere plan for å kunne oppretthalde tenesteleveransar ved eventuelt bortfall av samfunnskritisk infrastruktur som elektronisk kommunikasjon (EKOM), straum og vassforsyning.</li> </ul>	Årsrapport
Forbrukarrådet skal beskrive gjennomførte krise- og beredskapsøvingar. Beskriv kort dei viktigaste læringspunktene frå evalueringa av øvingane og korleis desse blir følgde opp.	Årsrapport

#### 4.5. Oppfølging av språklova § 13 og § 14

Rapportering frå Språkrådet for 2023 viser at Forbrukarrådet det året ikkje oppfylte krav i språklova § 13 om bruk av bokmål og nynorsk i allment tilgjengelege dokument. Sentrale statsorgan skal over tid bruke minst 25 prosent av både bokmål og nynorsk i allment tilgjengelege dokument. Ifølgje den same rapporteringa oppfylte Forbrukarrådet heller ikkje krav i § 14 om at statsorgan skal gjere skjema og andre sjølvbeteningstenester tilgjengelege på bokmål og nynorsk samtidig. Departementet ber om at det i 2025 får prioritert å oppfylle krava som følger av språklova. I årsrapporten for 2025 skal Forbrukarrådet informere om korleis rådet har jobba for å nå krava i språklova.

Resultatet for Forbrukarrådet i 2023 var ifølgje Språkrådet følgjande:

- Funn sosiale medium 18 prosent er på nynorsk. – under kravet
- Ny tekst på hovudnettstaden 12 prosent er på nynorsk. – under kravet
- All tekst på hovudnettstaden 8 prosent er på nynorsk. – under kravet

#### 4.6. Oppfølging av saker frå Riksrevisjonen

I dei tilfella der Riksrevisjonen har teke opp konkrete forhold, skal Forbrukarrådet setje i verk naudsynte tiltak slik at dei forholda som blir påpeikte blir retta opp. Departementet ber om å bli orientert om korleis eventuelle merknader frå Riksrevisjonen er eller vil bli følgde opp i styringsdialogen. Forbrukarrådet skal oversende departementet kopi av svarbrev til Riksrevisjonen når korrespondansen går direkte mellom Riksrevisjonen og rådet.

## 5. Rapportering og resultatoppfølging

### 5.1. Verksemds- og rekneskapsrapportering

Årsrapporten skal presentere ei heilskapleg vurdering av ansvarsområdet til Forbrukarrådet, inkludert ei kvalitativ vurdering av:

- mål- og resultatoppnåing og gjennomføringa av tiltak
- effekten av eigen innsats og prioriteringar
- risiko og særlege utfordringar.

Det er viktig at årsakene til vesentlege avvik frå mål og resultatkrav blir forklart på ein utfyllande måte. Rapporteringa vil danne grunnlaget for rapporteringa i Prop. 1 S.

Tertiarrapportane skal hovudsakleg vere avviksrapportar der Forbrukarrådet gjer greie for avvik, risiko for avvik og Forbrukarrådet si handtering av dette. Det skal rapporterast om økonomi slik at både forbruk per dato og planlagt forbruk for resten av året kjem fram på ein oversiktleg måte. Faktisk og venta meir-/mindreforbruk i forhold til budsjettet skal kommenterast kort. I tillegg skal det rapporterast om status for gitte oppdrag, i tråd med det tildelingsbrevet legg opp til.

Om naudsynt må Forbrukarrådet på departementet sin førespurnad kunne gi rask dokumentasjon på rekneskapskaps- og resultatutviklinga. Elles viser vi til [Instruks for økonomi- og virksomhetsstyringen i Forbrukerrådet](#), revidert per 01.09.21.

## 5.2. Rapporteringsfristar

Rapportering	Telletidspunkt	Frist til BFD
Årsrapport og rekneskap for 2024	31. desember 2024	14. mars 2025
Rapport per 1. tertial 2025	1. mai 2025	31. mai 2025
Rapport per 2. tertial 2025	1. september 2025	1. oktober 2025
Årsrapport og rekneskap for 2025	31. desember 2025	13. mars 2026

## 5.3. Rapportering på særskilte tema

Tema	Oppdrag	Rapportering
Risikovurderinger	Gjere greie for risikovurderinger og presentasjon av risikoreduserande tiltak knytt til mål- og resultatkrav i tildelingsbrevet.	Første tertial-rapport
Aktivitets- og utgreiingsplikter	Gjere kort greie for verksemda si oppfølging av likestillings- og diskrimineringslova.	Årsrapport
FNs berekraftsmål	Rapportere om verksemda si oppfølging av berekraftsmåla	Årsrapport del III
Regjeringa sine fellesføringar	Rapportere i tråd med punkt 4.1 over	Årsrapport
Tillitsreforma	Rapportere i tråd med punkt 4.2 over	Årsrapport
Språklova	Rapportere i tråd med punkt 4.5 over	Årsrapport

## 5.4. Styringskalender

Månad	Dato	Aktivitet
Januar/ februar	31. januar	Standardtabellar til regjeringa sin første budsjettkonferanse, jf. bestilling i eige brev.
		Eventuelle innspel til revidert nasjonalbudsjett 2025.
		Avslutning statsrekneskapen for 2025 (jf. eige brev) Stadfestingar av årsrekneskapen og eventuelle komposteringar. Forklaringer til statsrekneskapen.
Mars	14. mars	Årsrapport og rekneskap for 2024
Mars/april		Dialogmøte vår

<b>Mai</b>	15. mai	Oppdaterte standardtabellar til augustkonferansen, jf. bestilling i eige brev.
	30. mai	Rapport per 1. tertial 2025
<b>Oktober</b>	1. oktober	Rapport per 2. tertial 2025
		Innspel til satsingsforslag for 2027 etter dialog med departementet.
		Framlegging av Prop. 1 S (2025-2026) med førebels budsjetttramme for 2026.
		Dialog om tildelingsbrevet for 2026 blir innleidd.
<b>Oktober/ november</b>		Dialogmøte haust
<b>Desember</b>		Utsending av tildelingsbrev for 2026

Kopi: Riksrevisjonen, Forbrukartilsynet og fungerande styreleiar